

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 09.04.2021

FRÅ: Administrerande direktør

SAKSHANDSAMAR: Carina Paulsen Mæland

SAKA GJELD: **Nasjonal sikkerheitspsykiatrisk og rettsspsykiatrisk eining for barn og ungdom**

ARKIVSAK: 2020/751

STYRESAK: 038/21

STYREMØTE: **21.04. 2021**

Administrerande direktør si orientering pkt. 6

Nasjonal sikkerheitspsykiatrisk og rettsspsykiatrisk eining for barn og ungdom

Barn og ungdom under 18 år skal så langt det er mogleg skjermast frå vaksne innlagde, og ha eit aldersadekvat og tilpassa skule- og aktivitetstilbod. Dette gjeld og ungdom som er tiltalt for alvorleg kriminalitet, og som er i behov av spesialisthelseteneste. Det finns per i dag i Noreg ikkje eit eigna døgntilbod for desse ungdommane i psykisk helsevern.

Det sikkerhets- og rettsspsykiatriske fagmiljøet i Helse Bergen har dei siste 10 åra fått erfaring med, og opparbeidd seg kompetanse på psykisk sjuke ungdom med kriminell åtferd. For å sikre at denne sårbare gruppa får eit forsvarleg helsetilbod, har Helse Vest søkt Helsedirektoratet om å bli ei nasjonal sikkerheitspsykiatrisk- og rettsspsykiatrisk eining for barn og ungdom lokalisert i Bergen. Saka har fått støtte frå dei andre regionane. Søknaden blei sendt inn 15. januar, som er fristen for å søke på nasjonal behandlingsteneste. Det er Helsedirektoratet som mottar desse søknadene og som avgjer om det skal bli ein nasjonal behandlingsteneste. Helse vest har per i dag ikkje fått noko tilbakemelding på søknaden.